

Årsmelding frå Fotlandsvåg Idrettslag 1971.

I 1971 var det 25 år sidan Fotlandsvåg Idrettslag vart skipa, og dette vart feira ved ei samkoma i Grendahuset i november.

Aktivitet: Fotlandsvåg Idrettslag har i 1971 hatt med småguttelag og seniorlag i fotballserien. Småguttelaget vart nr. 3 i si pulje med 16 poeng av 24. Seniorlaget vart og nr. 3 i si pulje. Seniorlaget har i alt spela 21 kampar .

Idrettslager har og hatt stor aktivitet i langrenn og friidrett, då særleg blandt dei yngste medlemmane. Desse har gjort det utruleg bra idei tevlingane dei har vore med i. Ellers har me hatt nokre gutar på skitreningskurs på Voss.


Anlegg: Laget har og lagt nytt grusdekke på idrettsplassen. Me fekk der god stønad av kommunen. Der står at å leggja eit tynt lag med steinstøv. Dette vert truleg gjort sumaren 1972. Ellers har laget planer om ei lysløype og ein liten hoppbakke. Til dette siste har idrettskonsulent Harald Seim vore med på synfaring, og han sa seg svært nøgd med laget sine planer vedr. dette.

Økonomi: Vedr. økonomien må ein sei at laget arbeider svært tungt, og av den grunn har me òg ikkje kunna ha så stor aktivitet som ynskjeleg.

Årsmøte vart halde 15. des. 1971.

Formann i laget er no Yngve Fitje.

Fotlandsvåg Idrettslag.


Yngve Fitje.

form.

Fotlandsvåg Idrettslag.

Rekneskap 1971

	Inntekter	utgifter
Nettoinntekt ved tilstellingar.....	kr. 4.745,96	
Gåve Hosanger Spareb.	" 400,00	
Baneleiga	" 450,00	
Provisjon loddsalg	" 250,00	
Medlemskontagent	" 410,00	
Kommunalt tilskot	" 1.400,00	
Salg skattelister, underskot		kr. 731,00
Utstyr		" 2.370,15
Drift/vedlikehald bana		" 2.940,90
Reiseutgifter		" 1.771,80
Avdrag lån		" 500,00
Renter "		" 189,95
Utg. til instruksjon		" 128,40
Underskot v/kamper/stevner		" 958,30
Div. utgifter		" 280,10
Kontigentar/avgifter		" 326,40
Vask drakter		" 1.475,00
Vask/husleige gym, sal		" 1.520,00
Underskot	" 5.536,04	
	kr. 13.192,00	kr. 13.192,00
	=====	=====

Eiga:

Inneståande postsp. banken 31.12.71 ...	kr. 1.015,00
Kassabeh. pr. 31.12.	" 676,00
	kr. 1691,00
	=====

Skuld:

Lån i Hosanger Sparebank, rest pr. 31.12. ...	kr. 5.500,00
	=====

Fotlandsvåg 31.12.1971.
1.3. 1972.